

Årsmelding 2024

FORMÅL

Frivilligsentralen skal stimulere til frivillig innsats, skape opne møteplassar for befolkninga, og vere eit bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor.

VISJON

Saman skapar vi eit godt og inkluderande lokalsamfunn



2024 var året då vi bygde om skilleveggen mellom galleriet og fagavdelinga, fikk besøk av statsforvaltaren, arrangerte frivilligmarknad for andre gong, og fleire nærturar, som på bilete, der nesten 60 personar vart med på historisk vandring på Lerhol.

Delmål og satsingsområder i handlingsplanen:

1: Frivillighet

Førebygge einsemd og stimulere til frivillig innsats

Systematisere og styrke dei frivillige

Vi har utvikla rutiner for registrering av frivillige og oppdrag i InVi, som gir bedre oversikt, og meir detaljert statistikk enn tidlegare.

Vi har hatt jamleg oppfølging med dei frivillige og arrangert evaluering- møter etter behov. 31 av dei frivillige med faste oppdrag, styret og tilsette, deltok på julebord på Mjøsvang kafé.

Rekruttere til eksisterande og nye tiltak

Vi har hjelpt Frisklivssentralen i etablering av Sterk og Stødig, med rekruttering og oppfølging av 6 frivillige som deltok på kurs i mai. Første gruppa kom i gang i august i Øye. Neste gruppe startar på Åsvang på nyåret.

Vi har også bistått Vangsheimen med å rekruttere nye frivillige til matombringning.

I samarbeid med Grindaheim Røde Kors Besøks-teneste og kommunen har vi styrka arbeidet mot einsemd. Vi arrangerte kurs for nye besøksvenner med godt oppmøte, og lagde informasjonskriv som er distribuert mellom anna med heime-tenesta og på «juleblomstturneen» til Røde Kors Besøks-teneste. Eitt par vart kobla like før nyttår.

Aktive saman

To familiar fekk oppfølging i Aktive saman i 2024, med frivillige som køyrer til fritidsaktivitet. Vi har også bistått to familiar med å søke fritidskassa.

2: Møteplassar

Bygge fellesskap og skape møteplassar på tvers av alder, kultur, bakgrunn og interesser

Aktivitatar og arrangement

Saman med gode samarbeidspartnarar har vi arrangert 23 enkeltarrangement, pluss faste aktivitatar som politikarpraten, språkkafé, digi-hjelp, og Sterk og stødig. Til saman deltok om lag 2200 på desse arrangementa og aktivitetane. (sjå s 6-7)

Nærturar og generasjonstreff med babysang har blitt gode tradisjonar som vi vil fortsette med.

Aktivitet	Timer
Aktive saman	154
Arrangement	33
Besøksven	59
BUA Vang	6
Digi-hjelp	52
Hjelpetenester	4
Matombringning	300
Middagsgjengen	112
Møteplassen	5
Språkkafé	132
Sterk og Stødig	112
Transport	9
TV-aksjon	94
Øvingskøyring	100
Totalt	1171



Levande lokalsamfunn

Arbeidsgruppa har arrangert fire 'Møteplassen' med fysisk aktivitet, samtaleemner, kulturelle innslag og middag. Vi laga brosjyra 'Senior i Vang' som vart distribuert i alle postkasser i oktober. Brosjyra løfter fram 'Planlegge litt'-kampanjen frå Samfunn for eit aldersvennlig Norge, og 'ABC for god psykisk helse', med lokale eksempel og informasjon. Dagleg leiar leie ei panelsamtale med utgangspunkt i brosjyra, på Eldredagen på Åsvang.



Gruppa har også planlagt etablering av infoskjermer i heile kommunen, som blir gjennomført i 2025, samt deltatt på kurs i samskaping i regi av Fremsam og Innlandet Fylkeskommune.

Motverke digitalt utanforskap

Arbeidsgruppa har også hatt ansvar for arbeidet med digi-hjelp. Heile vårhalvåret hadde vi to digi-kaféar på biblioteket; kvar måndag med ungdomar, og ein onsdag kvar månad med seniorar, med forskjellige tema. Det var varierende oppmøte og etter ei evaluering valte vi å arrangere tre treffpunkt på hausten, på ulike etablerte møteplassar. Dette fungerte bedre, og vil bli vidareført.

3: Bindeledd

Vere bindeledd mellom ulike sektorar, og ein støttespelar for frivillige lag

Styrke dei frivillige laga

Vi har bidratt med plakatar og anna marknadsføring til arrangement i regi av ulike lag, og lånt ut lokala ved behov. Vi har også bistått ved søknadsskriving og fulgt opp foreningsportalen og kalenderen på vangivaldres.no.

16 representantar frå ulike lag i Vang deltok på kurs i april, med refleksjonsspørsmål om styrekultur, leiing, organisering og konflikthandtering, samt erfaringsutveksling om regnskap, dokumentlagring og marknadsføring.

Inkluderande frivilligheit

I november arrangerte vi frivilligmarknad for 2. gong, der 23 lag viste fram sine aktivitetar.

Lokaldemokrati

Saman med biblioteket har vi koordinert og vore vertskap for Politikerpraten, som vart initiert av gruppeleiarane i dei politiske partia. Kvar måndag før kommunestyret har innbyggjarane kunna møte politikarane for å drøfte sakar som skal behandlast, eller andre ting dei brenn for.

Positivprisen

Frivilligsentralen fikk ansvar for å leie ein komité som skulle vurderte dei ulike kandidatane, før formannskapet tok den endelege avgjerda. Vi gratulerer Leif Øyvind som ein verdig vinnar i 2024, og ein god representant for det store frivillige engasjementet som finst i Vang!



4: Inkludering

Inspirere lokal-
samfunnet i arbeidet
med berekraft,
solidaritet og
inkludering

BUA

Utlånt i 2024: 920 artiklar (271 unike), fordelt på 290 lån og 113 unike brukarar.

Vi hadde også tillitsbasert utlån av VBU sine skøyter og våre egne discar på Joker Ryfoss i delar av året.

Eit nytt svevetelt bidrog til blest og nye brukarar.

I januar samarbeida vi med Valdres friluftsråd, Vang Lærings-senter og Vang mottakssenter om ein aktivitetsdag på Åsvang.

TV-aksjonen

Årets TV-aksjon gikk til Barnekreftforeninga sitt arbeid med å bygge familiehus. Vi starta ei byggekampane som engasjerte stort, og folk i Vang bygde 120 byggverk i ulike materialer, som genererte 35.000,- frå dei 14 byggebedriftene som var med på kampanjen. Vi arrangerte også temakveld i auditoriet.

Våre 4 områdeleiarar rekrutterte 26 bøssebærarar som besøkte heile Vang og sørga for 80.567,- i bøssene. Samla vart summen frå Vang 225.560,- som ga oss ein flott 63. plass nasjonalt og 4. plass i Innlandet.



Julegåvedugnad

Også i år var det stor givarglede i Vang, og alle under 18 på mottakssenteret og læringssenteret fikk kvar si julegåve. Elevar frå læringssenteret bidrog på pakkedugnaden saman med styre-representantar frå frivilligsentralen.



Alle tiltak vi er involvert i er eksempel på berekraftsarbeid, enten det handlar om å skape mindre ulikheit, stimulere til delingskultur, eller å bidra til god helse og livskvalitet gjennom sosiale fellesskap og meningsfulle aktivitetar.

Økonomi

I 2024 fikk vi 498 369,- i statstilskot. Samla driftsregnskap: 715 643,-

Tilsette

Marte Tangen: Dagleg leiar. 20% permisjon grunna styreleiarverv i Norges frivilligsentraler.

Inger Kongslien Tveit: Frivilligkoordinator 50%, fast stilling frå februar.

Yehor Borodin: Medarbeidar i BUA, rammeavtale til juni, 8% fast stilling frå juli.

Styre og årsmøte

Hovedutval for levekår (HUL) er sentralen sitt øvste organ. Årsmøte 2024 vart halde 19.3.

For 2024 vart følgjande styre valt:

Åse Marie Lien Petersen (styreleiar)

Helge Lajord (nestleiar)

Caroline Solie Bryntesen (rep. frå adm.)

Elisabeth Myhre (rep. frå HUL)

Tone Marie Log

Odd Ivar Kirkeengen

Mina Synøve Blom Haaverstad (vara)

Styret har hatt 4 styremøter, bidrege på julegåvedugnad og på enkelte arrangement.

Andre prosjekt og hendingar

I februar fikk Vang besøk av statsforvaltar, og Frivilligsentralen fikk delta på møtet og fortelje om vårt arbeid.

I samarbeid med biblioteket har vi oppgradert uteområdet vårt med nye utemøblar, og vi har administrert ombygging i galleri/fagavdeling som gjer lokala bedre egna for arrangement.



Regionalt og nasjonalt arbeid

Valdres nettverksgruppe har hatt 4 møter i 2024. I eitt av møta inviterte vi ungdomsarbeidarane i kommunene for felles erfaringsdeling.

På tampen av året fikk nettverket ei gåve på 200.000 frå Gjensidige som skal gå til familiar med økonomiske utfordringar i Valdres.



Dagleg leiar er styreleiar for Norges frivilligsentraler og frikjøpt i 20% stilling. I 2024 har vervet i tillegg til styremøter inkludert deltaking på grunnkurs for nye daglege leiarar, nettverksleiarssamling, landsmøte, Arendalsuka, nordisk konferanse i Gøteborg saman med våre svenske og danske søsterorganisasjonar, og utvikling av nasjonal forskning på frivilligsentralane sin rolle i utvikling av velferdstener, i samarbeid med Distriktssenteret.



Arrangement og møteplassar som frivilligsentralen har vore delaktig i

Aktivitetsdag, samarb. Vang læringssenter og Valdres friluftsråd	13.1.	40
Generasjonstreff med babysang, samarb. VAS og kyrkja	25.1	36
Musikk og Lyrikk, samarb. biblioteket	4.2	25
Møteplassen	8.2	19
Nærtur til Hagfellknuppen	20.3	8
Møteplassen	11.4	21
Kurs for frivillige lag	18.4	16
Ferskingkurs i frilufsliv, samarb. DNT Valdres	4 x ap/mai	10-20
Klesbyttedagen, samarb. biblioteket	27.4	70
Generasjonstreff med babysang, samarb. VAS og kyrkja	16.5	15
Nærtur til Lerhol	23.5	57
Veslevinje, samarb. Vinjerock og biblioteket	25.5	300
Møteplassen	6.6	28
Nærtur til Hamaren	27.8	30
Nærtur til Lyrja	18.9	14
Generasjonstreff med babysang, samarb. Vangsheimen og kyrkja	19.9	17
Konsert og samtale med Fay Wildhagen, samarb. Vinjerock og biblioteket	9.10	115
TV-aksjon temakveld	16.10	15
Besøksvenkurs, samarb. Grindaheim Røde Kors Besøksteneste	24.10	20
Møteplassen	31.10	26
Frivilligmarknad, samarb. Vang læringssenter	9.11	250
Generasjonstreff med babysang, samarb. VAS og kyrkja	14.11	40
Bokkveld med positivpris, samarb. biblioteket	4.12	40
Digihjelp - vårhalvår på bib, hausten på Mjøsvang/Sara's/Drengestøga	23 x 3	69
Språkkafé	62x10	620
Politikarpraten	7x10	70
Sterk og stødig	18x10	180

Om lag 2200 deltok på arrangement og aktivitetar som frivilligsentralen var delaktig i i 2024.



Generasjonstreff med babysang



Musikk og lyrikk



Nærtur til Hagfellsknuppen



Klesbyttedag



Politikarpraten



Veslevinje



Fay Wildhagen



Frivilligmarknad

Tusen takk til alle frivillige som stiller opp <3



TV-aksjon; områdeleiarar, og bøsseklargjering med læringssenteret



Dugnad og vedlikehald i BUA



Språkkaféane våre



Kontakt

46 81 64 73

frivilligsentralen@vang.kommune.no

vang.frivilligsentral.no

facebook.com/vangfrivilligsentral